



Rektor Vidar Haugland vil ikkje ta stilling til ei eventuell overføring av Bringedalsbygda. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rektor Vidar Haugland ved Uskedalen skule vil ikkje ta stilling til ein eventuell overføring av Bringedalsbygda skule til Uskedalen. Det er eit politisk spørsmål.

Men han ønskjer elevane derifrå hjarteleg velkomne til oss hvis politikarane vedtek det, seier han til uskedalen.no

- Korleis begrunnar du det?

- Elevtalet ved vår skule vil ved ein overføring av Bringedalsbygda auka frå rundt 100 til 170-180. Då vil vi frå fleire synsstader få ei betre skule enn den vi har i dag.

Når vi får fleire elevar, blir det fleire som får eit forhold til kvarandre. Dei vil lettare finna nokon som dei kan vera venner med og forhalda seg til.

Men enda større effekt vil ei slik utviding få frå ein pedagogisk synsstad, held Haugland fram.

Han har no sagt ja til å halda ei innleiing under det neste møte i Dialogforum som skal haldast i Gamleskolen 23. mars. Temaet denne gongen er 'Skulestruktur og den gode skulen i framtida' og det blir toppaktuelt ettersom siste møtet i skulestrukturutvalet skal haldast nokre få dagar før - 19. mars.

Prosjektleiar Kristian Bringedal opplyser at det også blir ein annan innleiar på møtet, men kven det blir er ikkje klårt enno.

- Sjølv om framlegget om ny skulestruktur naturleg nok ikkje engasjerer uskedelingane like mykje som folk i nabokrinsane bør vi drøfte saka og seia kva vi meiner, held Bringedal fram.

Også foreldre frå Herøysund er velkome til møtet.

Av Ola Matti Mathisen